



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 22.10.2019  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 10:00 - 15:00

Drøftingsmøte 22. og 23. okt: budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023  
Frå ca klokka 1030 vert det presentasjonar frå tenesteleiarane med ein kort status på drifta, og litt om eventuelle endringar i drift/investering dei ser for seg dei komande åra.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Robert Helland	SO	Varamedlem	
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
019/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/2019	Godkjenning av møteprotokoll
021/2019	Orienteringssaker

**Notat frå møtet:**

## 019/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 020/2019: Godkjenning av møteprotokoll

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

## 021/2019: Orienteringssaker

### Behandling:

I møtet vart det gjennomført presentasjonar frå tenesteleiarane med ein kort status på drifta, og litt om eventuelle endringar i drift/investering dei ser for seg dei komande åra.

Styrar i barnehagen og teknisk sjef hadde meldt forfall til møtet. Vidare orienterte økonomisjef om status på budsjettarbeidet, som pr dags dato viser at det må til ei saldering på ca 1.750.000 kr for å kome i balanse for 2020.

Formannskapet bad om at ein går gjennom budsjettforslaga frå alle tenestedområda for å sjå etter moglege innsparingar, men bad om at barnehage, skule og pleie/omsorg vert skjerma for innsparingar som får konsekvensar for drifta.

Leiar for Barnevernet i Vaksdal og Modalen orienterte om barnevernstenesta og informerte om status og satsingsområde.

Ordførar orienterte om at kommunestyremøtet 14. november må flyttast på grunn av kollisjon med konstituerande møte i Vestland KS. Formannskapet slutta seg til 21. november som ny møtedato for kommunestyret.

Ordførar orienterte om planar for folkevaldopplæring på nyåret. Datoar for slik opplæring vil gå fram av møteplanen for våren 2020, som vert lagt fram på kommunestyremøtet i desember. Ordførar vil be kommunestyret om innspel til val av tema for folkevaldopplæringa etter førebuande møte med kurshaldar 15. nov.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---